



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Felles landbrukskontor for Fedje, Austrheim og Radøy	Kristine Skaiaa Born
Arkivnr.:	16/404	Dokumentnr.: 16/2652

Forvaltningsplan for sjøfugl i Hordaland - høyringsuttale

Saksopplysningar:

Radøy kommune mottok 18/2/2016 «Forvaltningsplan for sjøfugl i Hordaland» til høyring. Fylkesmannen i Hordaland ber her om innspel frå kommunar, lag, organisasjonar og spesielt grunneigarar som eig naturreservat og hekkeområder. Høyringsfristen er 4/4/2016.

Bakgrunn

Sjå vedlagt høyringsbrev.

Lokale forhold

Sidan år 2000 har Radøy kommune 26 observasjonar av trua artar, av desse er 7 artar sjøfuglar. Vi har naturreservat for sjøfugl som er med i planen, Synnøy og Loddå. Det er og laga forvaltningsråd for hekkekolonien i Langøyane.

Vurdering

Folkehelse

Friluftsliv og naturopplevingar er viktig for innbyggjarane i Radøy kommune, både på vann og land. Varierte miljø og naturopplevingar gjer godt for både motivasjon og trivsel på tur. Gjennoppretting av sjøfuglbestandene på kysten vil da gje ein positiv effekt.

Naturmangfold og forvaltaransvar

Radøy kommune ønskjer å bidra til ei balansert og heilskapeleg arealforvaltning. Naturmangfaldet er ein viktig del av den grønne øya. Som forvaltarar har kommunen, både politikarar og administrasjon, ansvar etter naturmangfaldlova. Oppfølging av forvaltningsplan for sjøfugl vil være ein viktig del av kommunen sin arealpolitikk. Dette er særleg viktig i dei områda kor det ikkje er gitt offisiell vernestatus (slik som i til dømes naturreservat) som mellom anna i Langholmane.

Framlegg til høyringsuttale:

Radøy kommune er svært positive til arbeidet med forvaltningsplan for sjøfugl i Hordaland og ønsker å følge opp planen i tida framover. Konkrete kommentarer til planen er listet opp under:

Kap 4. Synnøy naturreservat og Loddå naturreservat

Det er svært bra med så konkrete tiltaksforslag for dei ulike områda. Kommunen vil og fremheva viktigheita av flott lokalt engasjement som i Synnøy, takk til grunneigarar og frivillige.

Kap. 5 Langholmmane

Desse holmane ligg i Radøy kommune, gbnr 42/1. Kommunen set naturopplevingar og natumangfold høgt og vil i samråd med grunneigar vurdere båndlegging av desse holmane.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedlagte saksdokument:

Forvaltningsplan for sjøfugl i Hordaland - høyring	50443	25.02.2016
Forvaltningsplan for sjøfugl i Hordaland - høyring	50444	25.02.2016
Adresseliste	50445	25.02.2016
Forvaltningsplan sjøfugl 2015 LD	50446	25.02.2016
Sjøfugl kart	50960	25.02.2016